

# RAPPORT TRIMGRUPPA 2005

Det har vore eit særst aktivt år for trimgruppa. Det starta med påska og 7-toppstur og turmarsj Dollstun-Hellandsvågane.

Det vart ein fantastisk dag både vèrmessig og når det gjeld oppmøte. På 7-toppsturen var det 64 deltakarar, derav 23 barn, og på turmarsjen var det 63 deltakarar. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar, og alle er eininge om at det er eit arrangement som bør verte ein årvisst tradisjon. Det bør då verte eit arrangement for heile idrettslaget og ikkje berre trimgruppa.

Det har i år vore friluftlivets år, og det har vi også markert. Vi laga rundskriv før påske, der vi hadde satt opp ein fellestur til kvar "bok" slik at alle skulle få sjansen til å verte kjende med alle turløypene våre. Dette vart ingen suksess. Stort sett vi sjølve med familiar møtte opp til start, men vi gjennomførte dei fleste fellesturane. Vi konkluderer derfor med at fellesturar utan "noko attåt" ikkje er noko å satse på for oss.

I forbindelse med Kong Arthur-helga hadde vi eit samarbeid med Sunnmørsposten om Til topps tur på Rinden. Det vart ein kjempesuksess med ein av dei få fineversdagane dette året og 500 deltakarar!! Veldig kjekt.

Vi har sjølvsagt heile året hatt liggande ute trimbøkene som vanleg. Dei fleste er godt besøkte, og vi ser at stadig fleire utanfrå/turistar også no brukar desse. Vi har hatt liggande kart med innteikna løyper på butikken i tillegg til plakat. Vi arbeider med å få laga eit betre kart, men det tek litt tid. Totalt har vi talt opp 4518 innskrivingar i alle bøkene. Dette er inkl. eit par flittige hundar (Spot og Olrik), og sjølvsagt Sunnmørspost-turen.

Fordelingane på dei forskjellige bøkene er slik:

Hellandsvågane	604 turar
Kleivneset	366 turar
Grøntua	307 turar
Kletten	525 turar
Rinden	1500 turar
Dollsteinen	699 turar
Trollhola	148 turar
Voksehaugen	369 turar

Vi må spesielt nemne to karar som har vore ekstra flittige til å gå på Rinden, og det er Vebjørn Støyle Bringsvor med 268 turar og Dan Espen Sande med 217 turar. Utruleg godt gjort!!

Det har i år også vore ny rekord i antal born som har oppnådd poeng til premie ved å gå på alle bøkene. Vi har vel aldri før måtte ha bestilt 27 premier. Det er vi veldig fornøgte med.

Trimgruppa for 2005 takkar for seg, og ser fram til eit like godt turår i 2006.

Sandshamn, februar 2006

Kristin Grande Gunnhild Bringsvor Gunhild Anfinnsen Brit Synnøve Våge